

## Ruteinnspel frå kommunar og andre gjeldande frå juni 2020

Vedlegg 1		Innspel som vert tilrådd imøtekomne:			
NR	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
1	Alf Stokkenes #1	<u>Buss (Båt)</u> (Bergen)Florø-Svelgen-Leirgulen-Bortnen	Etablere korrespondanse mellom ekspressbåt frå Bergen på føremiddag med buss vidare frå Florø til Svelgen.	<p>Ekspressbåten med avgang frå Bergen kl. 08.00 har ankomst Florø kl. 11.30. I dag går det buss frå Florø mot Svelgen kl. 11.00, altså før båten kjem. Neste buss til Svelgen går kl. 14.00.</p> <p>Bussen frå Florø kl. 11.00 til Svelgen har to dagar i veka samband vidare til ferja frå Isane kl. 13.20 til Stårheim, som igjen gjev samband til Måløy/Eid.</p> <p>Det er for knapp tid til å etablere eit samband med både ekspressbåten i Florø kl. 11.30 og ferja frå Isane kl. 13.20. Det vil vere mogleg å etablere samband på Isane med ferja kl. 14.10.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til å imøtekomme innspelet der bussruta får samband med båten i Florø kl. 11.30, og samband to dagar for veka med ferja på Isane kl. 14.10.</p>	Innspelet vert imøtekomne.
2	Aurland kommune #25	<u>Buss</u>	Vekependlarrute frå Sandane til Aurland er lagt om/ned. Denne må reetablerast.	<p>VY endra sine avgangar på Sognebussen frå 24.06.2019, noko som utløyste ei rekkje justeringar for å få rutenettet til å henge saman.</p> <p>Fylkeskommunen har gjort ei rekkje justeringar av klokkeslett for å få dei nye rutesystema til å henge ihop. Etter skulestart har fylkesdirektøren sett at det har vore behov for ein tilførsel mellom Flåm og Lærdal, for å gi samband fredag og søndag kveld mot resten av fylket. Sjå eige avsnitt i kjøpssaka om dette.</p> <p>Innspelet frå Aurland kommune er soleis ivareteke.</p>	Innspelet er imøtekomne.
3	Bremanger kommune #28	<u>Buss</u> Busskur i ytre Bremanger	Det må setjast opp fleire busskur i ytre Bremanger, gjeld spesielt Smedvig, Hauge og Svarstad.	Statens vegvesen har ansvar for å vurdere og setje opp busskur. Fylkesdirektøren vidaresender dette innspelet til dei for vurdering.	Innspelet vert vidaresendt til Statens Vegvesen.
4	Fjaler kommune #34	<u>Ferje</u> Askvoll - Fure	Forventar at ferjetilbodet Askvoll – Fure vert oppretthalde.	<p>Tal reisande med ferjesambandet Fure – Askvoll gjekk ned etter opninga av Dalsfjordbrua. Det har likevel synt seg at sambandet er viktig for dei som bur/skal til ytre Fjaler.</p> <p>Sambandet har i fleire år vore med eit stykke ned på kuttlistene som har vore behandla politisk. Spørsmålet om ferje til Fure kan difor kome opp att dersom det kjem nye rundar med rutekutt.</p>	Innspelet vert delvis imøtekomne.

				I denne saka er det ikkje lagt opp til endringar for ferjetilbodet til Fure.	
5	Fjaler kommune #34	Veg Guddal - Vadheim	Signaliserer motstand mot vinterstenging av vegen mellom Guddal og Vadheim.	Vegspørsmål er ikkje ein del av denne rutekjøpssaka. Fylkesdirektøren sender innspelet over til vegadministrasjonen.	Innspelet vert oversendt.
6	Flora kommune #9 Visit Fjordkysten #26	Båt Florabassenget	Flytte sommarrutene i Florabassenget som går kl. 10.00 til kl. 11.35 slik at det vert korrespondanse med båten som kjem frå Bergen.	For reisande som kjem med ekspressbåten frå Bergen vil ei rute som korresponderer ut i øyane vere eit gode. Endring av rutetid påverkar ikkje kostnadsbiletet. Fylkesdirektøren rår til å imøtekome innspelet.	Innspelet vert imøtekome.
7	Flora kommune #9	Båt Florabassenget	Ekstraruter på dei store utfartsdagane.	På store utfartsdagar kan det vere fleire reisande enn dei ordinære rutene klarar å ta unna på enkeltavgangar. Det vert då sett opp ekstraruter slik at dei reisande kjem seg fram. Sidan tal båtar er likt er det krevjande å få alle ruter og korrespondansar til å henge i hop. Fylkeskommunen og operatør freistar å løyse desse dagane på best mogleg måte med det materiellet vi har tilgjengeleg. Det er rom for forbedring både på planlegging og informasjon. Fylkesdirektøren rår til å styrke førebuingane knytt til større utfartsdagar.	Innspelet vert delvis imøtekome.
8	Hyllestad kommune #31	Buss, Båt og Ferje Rutetilbodet generelt	Rutetilbodet generelt må ikkje reduserast. Rutetilbodet må styrkast både internt i kommunen og mot resten av fylket.	I denne saka er det ikkje lagt opp til anna enn rutejusteringar. Nivået på rutetenestene vert i denne saka uendra. Budsjettprosessen i Vestland for 2020 går i eit anna løp. Kva konsekvensar det kan gje for rutetilbodet er enno ikkje avklart.	Innspelet er delvis imøtekome.
9	Hyllestad kommune #31	Buss, Båt og Ferje Rysjedalsvika	Viktig å oppretthalde Rysjedalsvika som eit trafikknutepunkt både for buss, båt og ferje.	Det vert i denne saka ikkje lagt opp til endringar knytt til Rysjedalsvika.	Innspelet vert imøtekome.
10	Hyllestad kommune #31	Buss Serviceskyss	Serviceskyss er viktig for innbyggjarane og må som minimum halde fram som i dag.	Det er ikkje lagt opp til endringar i serviceskysstilbodet i denne saka.	Innspelet er delvis imøtekome.
11	Norled #24	Båt Flåm - Bergen	Framskunde anløp av Balestrand frå kl. 16.55 til kl. 16.50.	Det er ikkje korrespondansar å ta omsyn til.	Innspelet vert imøtekome.

				Fylkesdirektøren er open for å drøfte endringa med Norled.	
12	Norled #24	<u>Båt</u> Flåm – Bergen	Ynskjer å gjere om Rysjedalsvika til stjernestopp dersom passasjerar til staden, på retur til Bergen.	Ruta Nordfjord - Bergen går strekka Rysjedalsvika – Bergen til same tid.  Så lenge ruta frå Flåm går oppom dersom passasjerar til Rysjedalsvika vil ikkje dette ha konsekvensar for dei reisande.  Fylkesdirektøren er open for å drøfte endringa med Norled.	Innspelet vert imøtekome.
13	Solund kommune #36	<u>Lokalbåt</u> Solund	Dei lokale båtrotene må ikkje reduserast.	I denne saka er det lagt opp til ei vidareføring av båtrotetilbodet.	Innspelet er delvis imøtekome.
14	Solund kommune #36	<u>Ferje</u> Daløy – Haldorsneset	Ynskjer at ferja gjer ein ekstratur dersom ikkje alle bilar kjem med siste avgangen om kvelden.	Ifølgje statistikken har vi hatt attståande bilar på 3 avgangar 1. halvår i 2019. Det er utbetalt kompensasjon på totalt kr. 12 240 i perioden.  Frå ny avtaleperiode i 2020 vil det verte utført ekstratur når det er behov for det.	Innspelet er imøtekome.
15	Solund kommune #36	<u>Ferje</u> Daløy- Haldorsneset	Avgangen frå Daløy kl. 08.35 bør flyttast til kl. 08.45 for å gi betre samband med ferje frå fastlandet.	Det vil ikkje koste noko meir om vi flyttar avgangen, men det er usikkert om det kan få konsekvens for eventuelle ekstraavgangar knytt til attståande bilar.  Endringar til gode for eit formål kan for kome i konflikt for eit anna formål.  Fylkesdirektøren er open for å drøfte innspelet med Solund kommune og rår til å justere ferjetida om det ikkje dukkar opp merknader.	Innspelet vert imøtekome.
16	Solund kommune #36	<u>Ferje</u> Daløy - Haldorsneset	Avgangen frå Haldorsneset kl. 10.35 bør flyttast til kl. 10.25 for å gi betre samband med ferje til fastlandet.	Det vil ikkje koste noko meir om vi flyttar avgangen, men det er usikkert om det kan få konsekvens for eventuelle ekstraavgangar knytt til attståande bilar.  Endringar til gode for eit formål kan for kome i konflikt for eit anna formål.  Fylkesdirektøren er open for å drøfte innspelet med Solund kommune og rår til å justere ferjetida om det ikkje dukkar opp merknader.	Innspelet vert imøtekome.

Vedlegg 1		Innspel det IKKJE vert tilrådd å imøtekome:			
Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
17	Agathe Harketstad #10	Buss	Bussruter mellom Dale og Førde i helgane.	I helgane er det færre reisande. Rutetilbodet er difor skalert ned. Ei rute laurdag og søndag tur/retur Dale - Førde vil koste om lag kr. 270 000. Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å auke opp tal ruter.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
18	Askvoll kommune #37	Ferje Askvoll - Værlandet	Avgangen frå Askvoll kl. 21.35 til Værlandet må gå alle kvardagar.	Ruta går i dag frå Askvoll kl. 21.35 til Værlandet onsdag og fredag. Å utvide til kvar vekedag vil koste om lag kr. 1,3 mill. Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekome dette tiltaket.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
19	Askvoll kommune #37	Ferje Askvoll - Værlandet	Ekstraavgang Askvoll laurdag kl. 19.15 til Værlandet.	Ein ekstraavgang laurdag klokka kl. 19.15 til Værlandet vil koste nærare kr. 0,5 mill. Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekome dette tiltaket.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
20	Askvoll kommune #37	Ferje Askvoll - Gjervik	To ekstra seine avgangar Askvoll - Gjervik kl. 23.15 og kl. 00.30.	To ekstra seine avgangar Askvoll - Gjervik kl. 23.15 og kl. 00.30 Dx67 vil koste om lag kr. 1,0 mill. Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekome dette tiltaket.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
21	Askvoll kommune #37	Ferje Askvoll - Gjervik	Ein ekstra tidleg avgang frå Gjervik kl. 04.45.	Ein ekstra tidleg avgang frå Gjervik kl. 04.45 Dx67 vil koste om lag kr. 0,8 mill. Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekome dette tiltaket.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
22	Askvoll kommune #37	Ferje Askvoll - Gjervik - Fure	Turen Askvoll - Gjervik - Fure - Askvoll vert lagt om slik at anløp Fure går på ein eigen tur.	Fure har litt av dei same behova for å kome til og frå Askvoll til bestemte tider som andre grendelag. Dagens ruteopplegg er eit kompromiss der fleire interesser er vegne opp mot kvarandre. Ei oppsplitting av ruta der ein går eigen tur til Fure vil verte noko dyrare, men vil ikkje kunne gå på dei mest attraktive tidene, sidan ferjene då er opptekne.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren rår til at ferjerutene held fram som i dag.	
23	Askvoll kommune #37	<u>Buss</u> Dale/Førde – Ekspressbåtanløp i Askvoll	Det må setjast opp buss i korrespondanse med ekspressbåtane frå Førde og Dale.	Fylkesdirektøren vurderer trafikkpotensialet til å vere for lågt til å setje opp fleire ruter mot ekspressbåtane i Askvoll.  Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekomme dette innspelet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
24	Askvoll kommune #37	<u>Buss</u> Dale/Askvoll - Bringeland	Bussrutene frå Dalsfjordregionen til Førde må tilpassast flyrutene.	Bussrutene har rutfunksjonar som t.d. skuleskyss og arbeidsreiser. Det å tilpasse ulike rutfunksjonar inn i same rute er krevjande.  Flyruter endrar seg ofte og på kort varsel. I praksis må flybussar gå i eigne ruteløp utan andre bindingar. Vi har i dag berre flybuss til/frå Sogndal og Førde.  Fylkesdirektøren meiner trafikkgrunnlaget frå Dalsfjordområdet ikkje er tilstrekkeleg til å kunne sette i gang flybussar.  Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekomme innspelet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
25	Askvoll kommune #37	<u>Buss</u> Førde - Askvoll	Enkelte av rutene Førde – Askvoll må køyre via Holmedal, Vårdal og Helle.	Dette kan løysast på fleire måtar, enten som del av rutene Førde-Dale, eller som del av rutene langs Førdefjorden vidare til Askvoll.  Felles er at det vil koste pengar å forlengje ruter via Holmedal, Vårdal og Helle.  Fylkesdirektøren vurderer trafikkgrunnlaget i området til å vere for lite til å etablere fleire ruter. Vidare er det utanfor dei økonomiske rammene i denne saka å etablere nye ruter.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
26	Askvoll kommune #37	<u>Ferje</u> Værlandet - Askvoll	Pendlarrute frå Værlandet tidleg om morgonen.	Bulandet/Værlandet har 5 ruter til fastlandet på kvardagar og søndagar. Ein sjette avgang onsdag og fredag, samt eit noko redusert tilbod på laurdag.  Første tur til fastlandet er i Askvoll kl. 09.00, noko som gjer arbeidspendling vanskeleg.  Det vil koste om lag kr. 2,2 mill. å etablere ein ny avgang alle kvardagar.  Nye ruter er utanfor det økonomiske handlingsrommet i denne saka.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

27	Askvoll kommune #37	<u>Buss</u> Sommarrute Førde – Askvoll	Sommarrute Førde – Askvoll om morgonen.	Om sommaren er det færre reisande. Ruter med lågt belegg om sommaren har fram gjennom åra blitt teke bort. Det vil koste om kr. 150 000 å etablere ein rundtur Dx67 om sommaren mellom Førde og Askvoll.  Fylkesdirektøren vurderer trafikkpotensialet på ruta til å vere for lågt for ei ny sommarrute.  Det ligg utanfor det økonomiske handlingsrommet i denne saka å etablere nye ruter.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
28	Askvoll kommune #37	<u>Buss</u> Søndagsrute Askvoll - Førde	Ny bussrute søndag kveld kl. 19.05 Askvoll – Førde.	Fredag og søndag er det sett opp ei rekkje ruter mynta på skuleelevar som skal til/frå skulestad borte frå heimen.  Pendlarruta frå Askvoll til Førde går i dag kl. 17.45. Ei ny rute kl. 19.05 vil gi mindre ventetid for dei som skal vidare frå Førde med ekspressbussane kl. 20.30. I tillegg vil den gi samband frå ekspressbåten som kjem frå Bergen.  Det ligg utanfor dei økonomiske rammene i denne saka å etablere ei ny rute.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
29	Askvoll kommune #37	<u>Buss /Ferje</u> <u>/Ekspressbåt</u> Korrespondanse i Askvoll	Det må etablerast korrespondanse mellom buss, ferje og ekspressbåt i Askvoll.	Alle ruter har sine funksjonar som må prioriterast. Det vert lagt opp til å skape eit heilskapleg rutesystem med korresponderande ruter så langt råd.  Når rutene ikkje når ihop, må det prioriterast kva samband som skal korrespondere.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
30	Atle Skrede #3	<u>Buss</u> Bybuss i Førde	Tilpasse bybuss slik at skuleelevar (og andre som jobbar i sentrum) som bur i Vieåsen/Slåtten-området kan følgje bussen til skulestart på vgs. kl. 08.20.  Tilpasse bybuss på ettermiddag, med ein ekstra avgang mot Vieåsen/Slåtten i tidsrommet kl. 14.45-15.30.	Skulerutene er i hovudsak tilrettelagde for dei som har rett på skuleskyss. Vidaregåande elevar i Vieåsen har ikkje rett på skuleskyss, likevel er der eit skyssbehov som i dag ikkje er stetta.  Normalt vert det etablert ruter når det er potensielt mange reisande. Utfordringa er at på desse tidspunkta er kapasiteten pressa slik at det må utløysast ei nytt vognløy. Det vil vere kostnadskrevjande (kr. 0,4 mill.) å etablere ei ny rute frå Vieåsen morgon og ettermiddag.  Det går flybuss frå Vieåsen kl. 07.50 med ankomst Førde rutebilstasjon kl. 08.00, denne ruta kan nyttast av alle reisande. På ettermiddag går det fleire ruter. Sidan det ikkje er sett opp eigne skulebussar for vgs. til Vieåsen kan det verte litt ventetid.  Det er ikkje midlar i denne saka til å imøtekome innspelet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

31	Aurland kommune #25	Buss Pendlarruter til frå Aurland	<p>Pendlarruter for både skule og arbeidsreisande til Voss/Bergen og Lærdal/Sogndal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Direkte skulerute til Sogndal</li> <li>- Rute frå Lærdal til Aurland på ettermiddag</li> <li>- Morgonruta til Bergen må reetablerast</li> <li>- Betre korrespondanse i Lærdal vidare til Sogndal</li> </ul>	<p>Det går i dag 5 avgangar til og frå Voss. Andre vegen går det 5 avgangar + skulebuss til/frå Lærdal og Sogndal.</p> <p>Dei gjennomgåande bussrutene er kommersielle og har rutetider tilpassa andre reisebehov enn primærbehova i Aurland.</p> <p>Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å etablere nye rutestrukturar.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
32	Aurland kommune #25	Buss og Båt	Turisttrafikk må vektleggast på linje med fastbuande ved organisering av rutetilbodet.	<p>Regional transportplan opnar for at fylkeskommunale ruter kan leggest til rette for turistar når det høver seg slik.</p> <p>Å sidestille turisttrafikk med fastbuande er eit prinsipielt spørsmål som høyrer heime ved rullering av regional transportplan.</p> <p>Det ligg utanfor rammene til denne saka å imøtekome dette innspelet.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
33	Aurland kommune #25	Buss	Rutetilbodet lokalt mellom Aurland og Flåm må styrkast.	<p>Rutetilbodet mellom Aurland og Flåm består av 5 gjennomgåande ruter pluss skulerutene.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer trafikkgrunnlaget til å vere for svakt til å kunne etablere fleire ruter.</p> <p>Det er utanfor det økonomiske handlingsrommet i denne saka å etablere fleire ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
34	Bremanger kommune #28	Ferje Stårheim - Isane	Auke med 24 rundturar i veka, utvide opningstida i sambandet og flytte avgangane til stivare rutetider.	<p>Dagens rutetider er tilpassa korrespondansar og rutefunksjonar, samt at det er tilpassa arbeidsskifta om bord i ferja.</p> <p>Stivare rutetider gjer det lettare for dei reisande å hugse når ferja går, men fører til meir ventetid i forhold til viktige rutefunksjonar. Auka frekvens og opningstider gjev vesentleg høgare driftskostnader, noko som ligg utanfor denne saka å ta stilling til.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
35	Bremanger kommune #28	Ferje Måløy - Oldeide	Auke med 30 rundturar i veka, utvide opningstida i sambandet og flytte avgangane til stive rutetider.	Dagens rutetider er tilpassa korrespondansar, skuleskyss og rutefunksjonar, samt at det er tilpassa arbeidsskifta om bord i ferja.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				<p>Stivare rutetider gjer det lettare for dei reisande å hugse når ferja går, men fører til meir ventetid i forhold til viktige rutefunksjonar. Overfartstida som er skissert i innspelet vil krevje raskare ferje, eller fleire ferjer.</p> <p>Auka frekvens og opningstider gjev vesentleg høgare driftskostnader, noko som ligg utanfor denne saka å ta stilling til.</p>	
36	Bremanger kommune #28	Hurtigbåt Stjernestopp utan atterhald om vår i Leirgulen	<p>Ynskjer stjernestopp i Leirgulen på spegelvendten slik som på hovudruta.</p> <p>Ynskjer at atterhald om vår vert teke bort.</p>	<p>Leirgulen har hatt stjernestopp på hovudruta Selje – Bergen – Selje. På spegelvendten har ikkje ekspressbåten vore innom.</p> <p>Alle anløp tek tid. Sjølv eit stjernestopp som går oppom av og til må takast høgde for i rutetabellen. Avveginga vert om alle reisande skal påleggast ein omveg, mot at fleire får høve til å nytte båtuta.</p> <p>Leirgulen har hatt ei positiv utvikling. Dei har fått ny hurtigbåtkai, og det er kome nye vegar i området som aukar nedslagsfeltet for kaia. Fylkesdirektøren vil følgje med på trafikkutviklinga ved Leirgulen og gjere nye vurderingar etter ei tid.</p> <p>Når det gjeld atterhald om vår, er dette noko vi tek for at dei reisande ikkje skal få unødige bomturar. Atterhaldet vert teke på stadar der vi av erfaring veit kan vere utfordrande i dårleg ver. Dersom ny kai betrar tilhøva, vil dette verte vurdert etter kvart som vi skaffar oss ny erfaring.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
37	Bremanger kommune #28	Buss Smørhamn - Hauge	Direkterute frå Smørhamn kl. 12.00 – Hauge.	<p>Som eit innsparingstiltak vart direkteruta mellom Smørhamn og Hauge teke bort på enkelte mindre trafikkerte avgangar. Dei reisande på desse avgangane må no følgje med bussen via Kalvåg før den går til Hauge, ein omveg på om lag 20 minutt. På denne måten sparte vi både kilometer og ei vogn.</p> <p>Ei reversering av dette innsparingstiltaket vil koste om lag kr. 100 000.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til å vidareføre rutetilbodet som i dag.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
38	Bremanger kommune #28	Buss Oldeide - Hauge	Bussruta frå Oldeide til Hauge bør gå alle vekedagane. Den bør og forlengast til Grotle.	<p>Det er etablert fleire ruter som går alle vekedagar mellom Oldeide og Hauge. Desse rutene går til Grotle dersom passasjerar.</p> <p>Ein ekstra rundtur Hauge – Oldeide Dx67 vil koste om lag kr. 150 000.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren vurderer trafikspotensialet på ruta til å vere for dårleg til å forsvare ei slik utviding.	
39	Bremanger kommune #28	Buss Svelgen - Nordfjordeid	Rutetilbodet mellom Svelgen og Nordfjordeid må betrast.	Det går i dag nokre ruter som gjev samband mellom Svelgen og Nordfjordeid. Det er få reisande som nyttar dette tilbodet i dag. Ein tilførsel Dx67 mellom Svelgen og Isane som gjev samband til Eid vil koste om lag kr. 200 000.  Fylkesdirektøren vurderer marknadspotensialet til å vere for svakt til å kunne etablere fleire ruter på strekninga.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
40	Beate Myklebust #21	Båt Måløy - Selje	Det er ynskjeleg med fleire båtruter mellom Selje og Måløy.	Einaste båtrutene som går mellom Selje og Måløy er ekspressbåtane til/frå Bergen.  Det vil vere mogleg å forlenge båtruta Silda - Måløy, samt kystvegekspressen. Kostnadsbiletet for ei slik rute vil fort verte over ein million kroner, alt etter kva løysing som vert valt.  Det er utanfor det økonomiske handlingsrommet i denne saka å starte opp nye ruter.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
41	Bremanger kommune #28	Buss Kalvåg - Eid/Sandane	Ynskjer ei gjennomgåande direkte bussrute for skuleelevar frå ytre Bremanger som bur på hybel på Sandane og Eid.	Rutetilbodet for vekependlarar på Sandane og Eid vart betra for to år sidan. Elevane må byte buss undervegs, men dei kjem seg fram.  Fylkesdirektøren vurderer dagens rutetilbod som dekkande sett i lys av gjeldande økonomiske rammer.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
42	Bremanger kommune #28	Buss Davik - Leirgulen	Dersom det vert lagt opp til stjernestopp i Leirgulen for spegelvendten, må det etablerast ei tilførselsrute med buss.	For å gi eit heilskapleg rutetilbod er det viktig med tilførselsruter inn i dei store rutesystema.  På noverande tidspunkt er det ikkje aktuelt å vurdere grunnlaget av ei slik tilførselsrute, då stjernestopp for båten ikkje er etablert.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
43	Bremanger kommune #28	Buss Flybuss Svelgen - Florø	Rutene mellom Svelgen og Florø bør tilpassast flyrutene.	Bussrutene mellom Svelgen og Florø er tilpassa fleire rutefunksjonar. T.d. korrespondanse på Grov - til/frå Førde, skuletider og korrespondansar med båt.  Flyrutene endrar seg ofte og på kort varsel. Erfaring tilseier at flybussar bør vere eigne ruter utan andre bindingar slik at dei kan endrast samstundes med flyrutene.  Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å øydelegge for dagens rutefunksjonar, for på den måten å lage flybuss til Svelgen.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Det vil verte svært dyrt å etablere flybuss til Svelgen. Fylkesdirektøren vurderer trafikkpotensialet til å vere for lite til å kunne etablere nye ruter.	
44	Bremanger kommune #28	<u>Buss</u> Generelt	Busstopp må markerast med blå skilt.	Statens vegvesen set opp skilt på stader der det er busstopp. Det kan være at det er behov for fleire busstopp. Dette må i tilfelle spelast inn i kvart enkelt tilfelle til Statens vegvesen, slik at dei kan vurdere det.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
45	Bremanger kommune #28	<u>Buss</u> Bestillingsruter for ungdom.	Ynskjer bestillingsruter for ungdomsklubbane i kommunen.	Fylkeskommunen har ei ordning kalla <i>Lokale Transporttilbod for Ungdom - LTU</i> .  Denne ordninga vil høve godt i forhold til det behovet som er meldt inn.  Fylkesdirektøren oppmodar difor Bremanger kommune om å søke på denne ordninga.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
46	Bremanger kommune #28	<u>Båt</u> Kystvegekspressen Florø - Måløy	Kystvegekspressen må ha tidlegare avgang frå Måløy til Florø i korrespondanse med fly.	Kystvegekspressen frå Måløy til Florø kjem til Florø kl. 06.35, samstundes som båtane i Florabassenget kjem inn med arbeidsrutene.  For å rekke flyavgangen kl. 06.20 må Kystvegekspressen framskundast mykje.  Fylkesdirektøren vurderer det til at det er lite hensiktsmessig å samordne dei to rutefunksjonane.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
47	Bremanger kommune #41	<u>Buss</u> Hauge - Smørhamn	Det er ynskjeleg med bussrute frå Kalvåg til Smørhamn i korrespondanse med den nye Kystvegekspressruta sørover til Flora.	19. august 2019 vart det oppretta ei ny båtute tur/retur mellom Florø og Måløy. Det vart ikkje sett av midlar til nye tilførselsruter med buss.  Fylkesdirektøren har gjort tilpassingar i eksisterande produksjon mellom Hauge og Kalvåg, slik at eksisterande ruter som høver, går nedom Smørhamn i korrespondanse med båten. Desse endringane er gjort med minimal kostnadsauke.  Det vil koste om lag kr. 90 000 å etablere tilførsel frå Kalvåg til Smørhamn kl. 11.20.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å etablere nye ruter.	
48	Eid kommune #29	Buss Selje - Nordfjordeid	Pendlarrute/skulerute frå Selje til Eid.	<p>Det er i dag 4 daglege avgangar mellom Eid og Selje kvar veg.</p> <p>Det er forventingar/ynskje om eit styrka kollektivtilbod når nye Stad kommune vert etablert.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner det vil vere viktig å følgje utviklinga i reisemønster i regionen framover. Foreløpig vert det ikkje vurdert til å vere trafikkgrunnlag til å etablere fleire ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
49	Eid kommune #29	Buss Selje - Nordfjordeid	Kveldsrute.	<p>Siste buss mellom Selje og Eid går kl. 16.00.</p> <p>Det vil vere mogleg å lage tilførsel mellom Selje og Maurstad/Almenningsfjellet. Dette vil koste om lag kr. 200 000 per avgang Dx67 kvar veg.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at trafikkgrunnlaget er for svakt til å kunne etablere nye ruter. Utviklinga i reisestraumane må vurderast nøye i tida framover.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
50	Eid kommune #29	Buss Stad kommune	Betre samband med regionale bussruter.	<p>Dagens rutestruktur varetek fleire rutefunksjonar. Rutene går til tider der det som har vore vurdert som dei viktigaste funksjonane har vore prioritert, t.d. skuleskyss.</p> <p>Når det gjeld endring av rutetider må dette vurderast heilt konkret i kvart tilfelle.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at rutene går slik som i dag.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
51	Eid kommune # 29	Buss Stad kommune	Gjennføre gjennomgangsrute Måløy – Ålesund.	<p>Gjennomgangsruta Måløy – Ålesund vart lagt om då Møre og Romsdal la om sine ruter i området nokre år tilbake. Ruta har over fleire år vore etterspurt. Mesteparten av ruteproduksjonen for ei slik rute ligg i Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Trafikkgrunnlaget for ei ny gjennomgåande rute vert vurdert til å vere for svakt til å kunne gjenopprette ei slik rute.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

52	Fjaler kommune #34	Buss Folkestad – Førde - Folkestad	Bussrutene Folkestad – Førde – Folkestad må gå også om sommaren.	<p>Om sommaren er det naturleg nok færre reisande. Mange ruter som har vore lite brukt om sommaren er blitt innstilte.</p> <p>For dei som er avhengige av buss skapar det utfordringar når bussen ikkje går.</p> <p>Det har siste åra vore spelt inn behov for enkelte sommarruter i området og det har vore gjort mindre endringar for å imøtekome dette.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at passasjergrunnlaget i området er for svakt til å styrke tilbodet ytterlegare.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
53	Fjaler kommune #34 Askvoll kommune #37	Buss Fjaler - Askvoll	Styrka rutetilbod mellom Fjaler og Askvoll. Gjeld spesielt etter at tannlegekontoret i Dale vart lagt ned/flytta til Askvoll.	<p>Reisestraumane i Askvoll og Fjaler er i endring etter at Dalsfjordbrua vart etablert. Det er etablert eit rutetilbod morgon og ettermiddag. Det vert no etterspurt fleire ruter midt på dag. Spesielt gjeld dette no når tannlegekontoret er flytta til Askvoll.</p> <p>Ein ny rundtur Dx67 mellom Dale og Askvoll kostar om lag kr. 300 000.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner vi må følgje med på reisestraumane i Askvoll og Fjaler. Per i dag vert ikkje passasjergrunnlaget vurdert til å vere stort nok til at vi bør setje inn nye ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
54	Fjaler kommune #34	Ferje Askvoll - Fure	Ynskjer at ferja kjem innom Fure på bestilling når ferja går frå Værlandet – Askvoll. Dette for å gi samband med ekspressbåten i Askvoll.	<p>Når det gjeld behovet for nye anløp om Fure vil ikkje fylkesdirektøren tilrå dette. Dette fordi dei reisande frå Værlandet/Bulandet vil få lenger reiseveg.</p> <p>Innbyggjarane i Værlandet og på Bulandet har lang reiseveg og få avgangar til fastlandet. Fylkesdirektøren vurderer det til at dei ikkje bør lastast med endå lenger reiseveg.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
55	Fjaler kommune #34	Buss HAFS-området til Førde lufthamn	Bed om eit rutetilbod mellom HAFS-området og Førde lufthamn.	<p>Sidan flyrutene endrar seg ofte og på kort varsel bør dei rutene som skal tene som tilførsel til/frå flyrutene vere eigne ruter utan bindingar til kollektivrutenettet elles.</p> <p>Slike ruter, utan samdrift med rutenettet elles, er ekstra dyre å drifte og det tilfører ikkje rutenettet elles verdi av betyding.</p> <p>Det må vere eit godt passasjergrunnlag før det er grunnlag for eigne flybussar. Vi har i dag berre flybuss i Førde og Sogndal.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren vurderer det til at det ikkje er tilstrekkeleg passasjergrunnlag til å etablere flybuss frå HAFS-området til Bringeland.	
56	Fjaler kommune #34	<u>Buss</u> Tilførsel mot nasjonale bussavgangar	Bed om betre korrespondanse mot nasjonale bussavgangar.	Det er i dag etablert samband til Førde på dei mest aktuelle ekspressbussavgangane til Oslo/Ålesund og Trondheim.  Rutene mellom Førde og Fjaler tek i vare mange rutefunksjonar. Rutene morgon og ettermiddag er dei mest nytta.  Fylkesdirektøren vurderer passasjergrunnlaget til å vere for lite til å etablere fleire ruter på strekninga.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
57	Flora kommune #9	<u>Båt</u> Florabassenget	Stjernestopp i Veiesundet på veg til Florø kl. 15.55.	Eit stjernestopp betyr lenger reisetid for andre reisande. Veiesundet ligg midt mellom Florø og Svanøy. Rutene går oppom enten på tur eller på retur. Å skulle anløpe Veiesund 2 gonger på ein rundtur vil føre til lenger reisetid for andre reisande og til auka tidspress på ruta.  Fylkesdirektøren rår til at ruta held fram som i dag.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
58	Flora kommune #9	<u>Båt</u> Florabassenget	Stjernestopp for Kystvegekspressen laurdag ca. 14.15 i Villevik.	Kystvegekspressen går forbi og kan gå oppom Villevik. Dei reisande med Kystvegekspressen vil få 5 minutt lenger reisetid. Kostnadane vil auke marginalt med om lag kr. 20 000 per år.  Alternativt kan reisande frå Villevik på laurdag nytte båt i nordre basseng ca. kl. 16.00.  Fylkesdirektøren vurderer det som uheldig å auke reisetida for dei som kjem med Kystvegekspressen og rår til at rutene går som i dag.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
59	Flora kommune #9	<u>Båt</u> Florabassenget	Rutene i nord og vest må ikkje slåast i saman på store utfartsdagar.	Enkelte ruter i nord og vest vert utført med eitt farty. Det vil vere mogleg å nytte to farty på store utfartsdagar, men det vil utløyse kostnader.  Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å imøtekome dette innspelet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
60	Flora kommune #9	<u>Båt</u> Florabassenget	Rutene i sør bør splittast på store utfartsdagar.	Søndre distrikt har mange reisande og er ei lang rute. Dersom denne skal delast på store utfartsdagar vil det krevje eit nytt farty, noko som vil utløyse store kostnader.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Det er utanfor rammene i denne saka å dimensjonere opp med eit ekstra farty.	
61	Gaular kommune #30	Buss Gaular Førde	Betre kollektivtilbod i heile kommunen og mot Førde. Spesielt på kveld og helg.	<p>Det meste av Gaular kommune har eit marginalt rutetilbod, som i hovudsak består av skuleruter og serviceskyss.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer trafikkgrunnlaget til å vere for lite til at det kan etablerast fleire ruter.</p> <p>Det vil vere naturleg å følgje med på utviklinga i reisemønster framover i samband med kommunesamanslåing.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
62	Gaular kommune #30	Buss Sande/Bygstad - Førde	Foreslår ei prøveordning med ringbuss mellom Førde og Sande/Bygstad.	<p>Sande har eit etter måten godt tilbod med gjennomgåande bussruter. Verre stilt er det med Bygstad.</p> <p>I denne saka er det ikkje økonomi til å gjennomføre større tiltak. Det er naturleg å følgje med på utviklinga i reisemønster i tida framover etter kommunesamanslåing.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
63	Hyllestad kommune #31	Buss Skulerute Hyllestad - Dale	Det vert peika på fleire konkrete tiltak for å korte ned på reisetida Hyllestad-Dale.	<p>Dei fleste ruter fungerer i eit samspel og har bindingar mot kvarandre. Dette kan gi ventetid og omvegar.</p> <p>Fylkesdirektøren har det som eit mål å organisere rutene til beste for alle reisande. Økonomiske rammer er med å avgrense aktuelle løysingar.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
64	Hyllestad kommune #31	Buss Hyllestad kommune	Fleire gjennomgåande ruter i Hyllestad kommune.	<p>Mange stadar i Sogn og Fjordane går det i hovudsak berre skuleruter morgon og ettermiddag. For å etablere fleire avgangar bør det vere eit trafikkgrunnlag.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer trafikkgrunnlaget i Hyllestad til å vere for lite til å kunne etablere fleire ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
65	Hyllestad kommune #31	Båt Rysjedalsvika	Rysjedalsvika er det naturlege knutepunktet mellom Nordfjordbåtane og Sognebåtane. Det er ynskjeleg at fleire ruter har anløp i Rysjedalsvika. Spesielt gjeld dette søndag.	<p>Sognebåtane og spegelvendten (Bergen - Selje - Bergen) går innom Rysjedalsvika. Hovudruta på kysten går ikkje innom.</p> <p>For Nordfjordrutene betyr det ekstra reisetid å anløpe Rysjedalsvika. Samstundes betyr det at fleire reisande kan nytte seg av rutetilbodet når rutene går innom.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at dagens ruteopplegg har eit godt driftsopplegg til beste for dei fleste.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.

66	Hyllestad kommune #31	<u>Ferje</u> Rysjedalsvika - Rutledal	Fleire avgangar mellom Rysjedalsvika og Rutledal.	<p>Ferja er i kontinuerleg drift det meste av dagen. Det er ikkje rom for fleire avgangar utan å auke tal farty.</p> <p>Det er ikkje økonomisk handlingsrom i denne saka til å etablere fleire avgangar.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
67	Luster kommune #38	<u>Buss</u> Gaupne - Sogndal	Tilførsel frå Gaupne til ekspressbuss Sogndal kl. 06.35 (kl. 11.30 på søndagar) – Bergen/Haukeland. Tilsvarende retur kl. 20.15 (kl. 21.55 på søndagar).	<p>Tidleg buss til Bergen er etterspurt av mange som har ærend i Bergen.</p> <p>Ein ekstra rundtur mellom Gaupne og Sogndal kostar om lag kr. 500.000 for ei Dx67 rute.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer trafikkpotensialet for ei så tidleg rute frå Gaupne til å vere lite.</p> <p>Det ligg utanfor det økonomiske handlingsrommet i denne saka å etablere nye ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
68	Luster kommune #23	<u>Buss</u> Luster kommune	Fleire ruter om sommaren.	<p>Mange ruter som i hovudsak er retta mot skuleskyss, vert også nytta av andre reisande. Det er ynskjeleg at fleire ruter kan gå også i skulefri periodar. Dette er spesielt viktig for arbeidsreisande og turistar.</p> <p>Mange ruter med lite trafikk om sommaren er blitt innstilte i denne perioden. Siste åra er det re-etablert nokre ruter på sommaren etter innspel frå dei reisande.</p> <p>I denne saka er det ikkje økonomisk handlingsrom til å re-etablere sommarruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
69	Mariann Vatnøy #4 og #8	<u>Lokalbåt</u> Gulen	Ynskjer anløp av Vatnøy i Gulen.	<p>Vatnøy har ikkje fastbuande og lokalbåten har ikkje hatt stopp på 21 år.</p> <p>Hyttebebuarene har rusta opp kaia og bed no om stopp vår og sommar.</p> <p>Så lenge det ikkje er fastbuande har dei ikkje rett på anløp, men Regional transportplan opnar for at det kan etablerast anløp så lenge det høver med ruteplan og ikkje er for ressurskrevjande.</p> <p>Dei reisande med båtruta vil få 5 minutt lenger reisetid. Desse 5 minutta må takast høgde for i rutetabellen for alle avgangar sjølv om det berre er eit stjernestopp. Kostnaden vil bli om lag kr. 1 400 per anløp. Det er uvisse knytt til om kaiforholda eignar seg for dagens rutebåtar (for kort og låg).</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren rår frå å imøtekome innspelet.	
70	Signe Nordvik #5	Buss Florø - Førde	Florø kl. 06.00 til Førde bør fortsetje heilt opp til sjukehuset.	Bussen frå Florø har ankomst Førde rb.st kl. 07.05. Denne bussen går direkte tilbake i rute til Florø kl. 07.15.  Det går bybuss frå Førde rb.st kl.07.15 til sjukehuset.  Innspelet lar seg ikkje gjennomføre utan at fleire ruteløp må reorganiserast.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
71	Stein Malkenes, MDG og Bjørn Hollevik, Høgre #18  Julia Endestad #35	Buss Florø - Førde	Sein kveldsavgang frå Florø til Førde, spesielt fredag og laurdag.	Det går i dag mange bussruter mellom Florø og Førde, men på kveldstid manglar det ruter frå Florø. For dei som er i Florø på ulike aktivitetar og arrangement er det eit behov som ikkje vert stetta med dagens rutetilbod.  Aksen Førde-Florø er eit bu- og arbeidsområde med mange innbyggjarar. Det reiser dagleg om lag 500 passasjerar mellom sunnfjordbyane. For at dei reisande skal kunne gjere seg avhengige av eit kollektivtilbod er det viktig at rutetilbodet dekker dei fleste behov til ulike tider på døgnet.  Ei ny rute Dx67 mellom Florø og Førde vil koste om lag kr. 350 000. Alternativt kan ein avgang flyttast, men dette vil gå utover korrespondansar og rutefunksjonar i Florø og Førde.  Mandatet for denne rutekjøpssaka gjeld innanfor gjeldande økonomiske ramme. Det er difor ikkje rom for å prioritere ei ny rute.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
72	Åse- Marit Skåren Eldhuset #19  Luster kommune #23	Buss Gaupne - Sogndal	Buss frå Sogndal kl. 15.30 til Gaupne alle kvardagar, ikkje berre måndag til onsdag som i dag.	Bussruta kl. 15.30 frå Sogndal til Gaupne er ei skulerute for vgs. elevar i Sogndal som er busette i Luster. Skulen har andre skystider torsdag og fredag. For andre reisande er det eit behov kl. 15.30 også torsdag og fredag.  Nye ruter ligg utanfor mandatet i denne saka å vurdere. Dersom ruta vert framskunda frå kl. 16.20, vil det gå utover andre reisande. T.d. er det samband frå Bergen/Voss og Oslo kl. 16.20.  Fylkesdirektøren rår til at rutene går som i dag.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
73	Årdal kommune #20	Buss Årdal - Turtagrø	Den kommersielle turistruta om sommaren som går mellom Årdal og Turtagrø bør verte ein del av det fylkeskommunale rutekjøpet.	Årdal kommune driv saman med reiselivsnæringa og DNT ei kommersiell rute mellom Vetti gard og Turtagrø. Ruta er ein del av reiselivssatsinga i området.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				<p>Talet reisande auka frå 381 i 2017 til 684 i 2018. Tilskotsbehovet i same periode er redusert frå kr. 100 000 til kr. 33 000.</p> <p>Regional transportplan opnar for å engasjere seg i turistruter. Den omsøkte ruta heng saman med det øvrige rutetilbodet i regionen. Ruta er viktig for reiselivssatsinga i området.</p> <p>Å overta ansvaret for denne ruta vil medføre ein økonomisk risiko som er større enn nettokostnaden.</p> <p>Det ligg utanfor mandatet i denne saka å pådra seg kostnader utover dagens økonomiske rammer.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ifrå å imøtekome dette innspelet.</p>	
--	--	--	--	---	--